



SKIPA 1934

Innkomen sak til årsmøtet til Hafslo IL torsdag 13.februar 2020, med styret sitt framlegg til vedtak:

Sak 11 c: Opprette Handballgruppe i Hafslo IL

Saksutgreiing:

Dei siste åra har stadig fleire medlemer i Hafslo IL byrja med handball i IL Bjørn. Det inneber at dei som ønskjer å spele handball, må melde seg inn i IL Bjørn og betale treningsavgift til IL Bjørn. Dette er medlemer som allereie er medlemer av Hafslo IL. Det er kome innspel om oppretting av eiga handballgruppe i Hafslo IL, då det per i dag er tilstrekkeleg med spelarar og vaksne til å kunne stille fleire lag på aldersbestemte nivå. I siste sesong har mellom anna 13 av totalt 17 personar vore medlemer av Hafslo IL og bidrege på eit lag i IL Bjørn.

For å kunne melde på lag i seriespel, må idrettslaget melde seg inn i Norges Håndballforbund. Grunnkontigenten er kr.3500,-, og så kjem det tilleggsutgifter ut i frå kor mange lag ein melder på seriespel.

Om det vert oppretta handballgruppe, har Sandhya K. Holene, Lars Olav Halleråker og Monika Reime meldt seg som aktuelle til å sitte i gruppestyret.

Styret i Hafslo IL er positive til å legge til rette for at våre utøvarar kan delta i handballaktivitet. For 2020 er styret positive til å dekke grunnkostnadane med dette (kontigentar, drakter mm.) for at gruppa kjem i gong. Men det må opprettast eit gruppestyre som må ta i mot påmeldingar og sette opp eige budsjett med inntekter og utgifter på vanleg måte. Det vil seie at ei handballgruppe må jobbe for å skaffe seg inntekter på tilsvarande måte som andre særgrupper.

Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 13.februar 2020:

Hafslo IL opprettar Handballgruppe i Hafslo IL. I 2020 dekkar idrettslaget grunnkostnadane med å kome i gong. Deltakarar på handball må betale medlemskap og treningsavgift til Hafslo IL i tråd med gjeldande retningslinjer. Det må opprettast eit gruppestyre som set opp eit budsjett som må godkjennast av hovudstyret. I oppstartsåret 2020 må gruppestyret ha ein tett dialog med hovudstyret om å melde inn medlemer, aktivitetar, innkjøp av utstyr mm.

